



Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

## Oppfølging av opplysninger framkome i media om ventelister for sykehjemsplass

Møre og Romsdal har 36 kommunar. På bakgrunn av brev frå statsråden datert 27.10.10 og epost frå Statens helsetilsyn tok Fylkesmannen og Helsetilsynet i Møre og Romsdal kontakt med alle kommunane i fylket via e-post. Svarfrist blei sett til torsdag 02.11. Dei fleste kommunane svarte innan fristen, og etter puring har vi nå motteke svar frå alle. I oppfølginga av svara vi fekk, har vi også vore i telefonisk kontakt med fleire av kommunane for få ei klargjering av svar som blei gitt.

TV2 opplyser i sine artiklar at 356 pasientar ventar på sjukeheimplass eller omsorgsbustad med tilbod om heildøgns pleie og omsorg i Møre og Romsdal. I kommunane sine svar på våre spørsmål, kjem det fram at det er 159 pasientar som "står på venteliste". Kommunane svarar vidare at alle dei som står på venteliste er vurdert å ha eit fagleg forsvarleg tilbod i påvente av plass.

For Fylkesmannen og Helsetilsynet i Møre og Romsdal synes det klart at det er ulik forståing i kommunane av kva ein legg i det "å stå på venteliste". Nokre kommunar seier at dei ikkje bruker ventelister, men vurderer behovet for tenester fortløpande og yter tenester til pasienten ut frå ei fagleg vurdering og kva kommunen har tilgjengeleg av tilbod. Dette kan til dømes innebere å tilby tenester i pasienten sin bustad i påvente av plass i sjukeheim. Andre kommunar svarer at dei ikkje har pasientar på venteliste, men oppgir samtidig at dei har eit stort tall saker til behandling/vurdering.

Vi merkar oss at alle kommunane seier at dei pasientane som ventar på plass er vurdert til å ha eit forsvarleg tilbod. Det skal framhevast at nokre kommunar har lang behandlingstid på innkomne søknader, og at det difor er ei viktig oppgåve for kommunane å sørge for at dette ikkje fører til at pasientane får eit uforsvarleg tilbod.

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Møre og Romsdal vil ta omsyn til desse opplysningane i vidare kontakt med kommunane og ved framtidige tilsyn.

Med helsing

Lodve Solholm

Cato Innerdal